

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 06.06.2007
Sakhandsamar: Ingvill Skogseth
Saka gjeld: **Legefordeling**

Arkivsak

2007/166/005

Styresak 063/07 B

Styremøte 27.06. 2007

Bakgrunn

Styret i Helse Vest RHF behandla i møtet den 22.05.2007 som sak 07/48; Legefordeling - Helse Stavanger HF. Styret gjorde følgjande vedtak:

1. *For 2007 blir helseføretaka tildelt legestillingar som etter tidligare fordelingsnøkkel.*
2. *Styret ber administrasjonen komme tilbake med ein oversikt over dei historiske tildelingane (sidan år 2002) og ei vurdering av om det har føregått ei skeivdeling. Ut i frå dette vil styret beslutte dei vidare føringane for tildeling slik at avviket (i Helse Stavanger) kan lukkast innan rimeleg tid.*

I denne saka ligg det føre fordeling av legestillingar for 2007 med dei føringane som er gitt av styret i Helse Vest RHF. Det blir gitt ei oversikt over tildelingane i perioden 2002-2007 i tal og prosent.

Saka omhandlar også eit innmeldt tilleggsbehov for nye legestillingar i opptrappingsplanen for barne- og ungdomspsykiatri for å oppnå krav om ein dekningsgrad på 5 % innan utgangen av 2008, jf. Styresak 027/07 B i Helse Stavanger HF.

Kommentarar

Fordeling av årets kvote

Helse Vest RHF er i sum tildelt 47 stillingar i 2007. Styret har bedt om at helseføretaka blir tildelt legestillingar som etter tidlegare fordelingsnøkkel.

I oppdragsdokumentet er det sagt at dei regionale helseføretaka skal i si fordeling av stillingane særskilt vurdere situasjonen innan rus/psykiatri som er fagfelt i oppbyggingsfase, samt indremedisin (særleg geriatri) og kreftrelevante spesialitetar (som onkologi, patologi, radiologi og kirurgi). Mamma- og para-/tyreoideakirurgi er ein ny kirurgisk greinspesialitet, og RHFet skal sørge for eit tilstrekkelig tal stillingar i den nye spesialiteten. RHFet skal vidare være merksam på situasjonen for rekrutteringsutsatte

spesialiteter (jf diskrepans mellom forventa behov og tilgang på spesialistar) som medisinsk biokjemi, øyre-nase-halssjukdomar, augesjukdomar, enkelte indremedisinske greinspesialitetar, arbeidsmedisin og samfunnsmedisin. RHFet skal, i tillegg til å etablere utdanningsstillingar, også sørge for effektive utdanningsløp.

I styresak 07/48 i Helse Vest RHF er det og omtalt kriterium som skal leggst til grunn for innfasing av grå stillingar.

”Åpne stillingar” inneber at RHFet vurderer kva av dei nemnte fagfelta som bør styrkast innan føretaksgruppa, samt fordelinga mellom spesialiststillingar og utdanningsstillingar.

Fordeling av årets kvote

	Helse Førde	Helse Bergen	Helse Fonna	Helse Stavanger	Private ideelle	SUM
Spesialiststillingar (overlege/avtalespesialist)	3	8	3	5	1	20
Utdanningsstillingar	2	7	2	7	2	20
Utdanningsstillingar i geriatri				1	1	2
”Åpne” stillingar til rus, rehabilitering og habilitering, samt psykiatri og geriatri	1	2	1	0	1	5
SUM	6	17	6	13	5	47

10 av stillingane (7 utdanningsstillingar, 3 overlegestillingar) til Helse Stavanger HF må gå til å redusere avvik mellom tildelte og faktiske stillingar (innfasing av ”grå” stillingar). 3 av stillingane (2 overlegestillingar, 1 utdanningsstilling) blir avsett og øymerka opptrappingsplanen for barne- og ungdomspsykiatri. Opptrappingsplan for barne- og ungdomspsykiatri er omtalt spesielt i avsnittet under.

Styret i Helse Stavanger HF må sjølv ta stilling til innbyrdes prioritering av nye stillingar og innfasing av grå stillingar (lukke avvik mellom stillingar som er tildelt gjennom legefördelingssystemet og faktiske stillingar). Nye stillingar ut over dei 62 grå stillingane, vil innebære at det vil ta lengre tid å få fase inn dei grå stillingane i Helse Stavanger HF.

Helse Stavanger HF må gå spesielt gjennom forholdet til utdanningsstillingane. Føresetnaden for innfasing av ”grå” utdanningsstillingar er at den aktuelle spesialistkomiteen godkjenner utdanninga. Helse Stavanger HF må sjølv søke dei aktuelle spesialistkomiteane om godkjenning.

Opptrappingsplan for barne- og ungdomspsykiatri

I opptrappingsplanen for barne- og ungdomspsykiatri er det eit mål at minimum fem prosent av barne- og ungdomsgruppa skal få eit tilbod innan utgangen av 2008. Helseregion Vest har ein låg dekningsgrad og Helse Stavanger HF har lågast dekning og ei særskilt utfordring. Helse Stavanger HF er i styringsdokumentet bedt om...*innan 1. april leggje fram ein tiltaksplan som sikrar at målet om fem prosent dekning kan nåast. Planen må skissere ei ressursmessig styrking av psykisk helsevern for barn og unge.*

I Styresak i Helse Stavanger HF 027/07 B går det fram at Helse Stavanger HF har behov for 9 nye legestillingar i opptrappingsplanen i 2007 og ytterlegare 9 legestillingar i 2008 for å oppnå krav om ein dekningsgrad på 5% innan utgangen av 2008.

Styret i Helse Stavanger HF må ta stilling til det reelle behovet for stillingar til barne- og ungdomspsykiatri og sørge for at det blir gjort ei prioritering der nye stillingar innan barne- og ungdomspsykiatri blir sett i samanheng med dei uheimla stillingane.

Oversikt over tildeling av stillingar i perioden 2002-2007

	2002		2003		2004		2005		2006		2007		TOTAL	%
	Ant.	%	Ant.	%	Ant.	%	Ant.	%	Ant.	%	Ant.	%	Ant.	%
Helse Bergen HF	7	33 %	12	36, %	8	23 %	12	32 %	13	35 %	17	36 %	69	34 %
Helse Stavanger HF	6	29 %	8	24 %	6	22 %	10	26 %	9	24 %	13	28 %	52	26 %
Helse Førde HF	2	10 %	3	9 %	4	15 %	5	13 %	5	14 %	6	13 %	25	12 %
Helse Fonna HF	4	19 %	6	18 %	5	19 %	6	16 %	6	16 %	6	13 %	33	16 %
Private	2	10 %	4	12 %	4	15 %	5	13 %	4	11 %	5	11 %	24	12 %
Total kvote	21	100 %	33	100 %	27	100 %	38	100 %	37	100 %	47	100 %	203	100 %

I perioden 2002-2007 er det fordelt til saman 203 nye legeårsverk til helseføretaka og til private institusjonar. Helse Stavanger HF har fått 52 (26 %) av stillingane.

Helse- og omsorgsdepartementet har kvart år gitt føringar for kva fagområde som skulle prioriterast. Stort sett kan ein sei at det er peika på opptrappingsplanar og fagfelt i oppbyggingsfase som rus/psykiatri. Indremedisin (særlig geriatri) og kreftrelevante spesialitetar er også blitt framheva.

Det er fleire forhold som må tas i betraktning når ein samanliknar fordeling av legestillingar. Helseføretaka søker om stillingar og prioriterer etter behov. Helse Vest RHF har ut frå nasjonale føringar, søknader og i samråd med helseføretaka fordelt stillingar ut frå ei samla vurdering.

Helse Vest RHF vil no gjere ei ekstern vurdering av legefordinga mellom helseføretaka i regionen. Vi vil be om ei vurdering av stillingsstrukturen i helseregionen med utgangspunkt i mellom anna befolkning, funksjonar og sjukehusstruktur.

Forslag til vedtak

1. Fordeling av legestillingar for 2007 blir tatt til etterretning
2. Stillingane til Helse Stavanger HF er øyremerkte med 10 stillingar til dekning av grå stillingar og 3 til barne- og ungdomspsykiatri
3. Styret i Helse Stavanger HF må vurdere behovet for nye stillingar innan barne- og ungdomspsykiatri og foreta nødvendige prioriteringar i høve til dei uheimla stillingane.